

# OSTERØY KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Plan- og kommunalteknisk utval	23.10.2013	119/13	SHE

Saksansvarleg Sture Helle	Arkiv: GBN-60/61 Objekt:	Sak ID 13/1485
------------------------------	-----------------------------	-------------------

### 60/61 - SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BRUKSENDRING

Søknad om dispensasjon til bruksendring motteke 12/08/2013.

Søkjar Trygve Tønnesen

Ansvarleg søker Arkoconsult AS

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

**"Det vert med heimel i plan og bygningslova § 19-2 gjeve løyve til bruksendring frå samfunnshus/grendehus til bustad på gnr 60, bnr 61 på Votlo."**

### 23.10.2013 PT-119/13 UTVALET SI HANDSAMING:

Utvalsleiar Øyvind Litland, AP, bad om vurdering av sin habilitet som følgje av å ha møtt tiltakshavar i sak i forliksrådet – han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om habilitet – 4 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Knut Riple, FRP, vart samrøystes vald som møteleiar for denne saka.

Øyvind Litland vart samrøystes kjend inhabil med tilvising til fvl. § 6, 2. ledd ”...Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til....”

4 medlemmer/varamedlemmer til stades.

---

### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Øyvind Litland kom tilbake etter sak 119/13 og overtok som møteleiar att.

---

### FAKTA

Søknad om dispensasjon til bruksendring, tiltaket gjeld tidlegare skulebygg på Votlo som vert søkt bruksendra til bustad. Det har i dag status som samfunnshus/grendehus. Tiltaket ligg i LNF område i kommuneplanen sin arealdel. Tiltaket er nabovarsla, det er ikkje merknader.

Tiltaket har ikkje vore send overordna mynde for høyring, då ein ikkje kan sjå at dette rører ved nasjonale eller regionale interesser.

Tiltaket gjeld den eigedomen som tidlegare har vore nytta til skulebygg, tomta er bygd ut og planert.

#### **RÅDMANNEN SI VURDERING**

Arealet er LNF-område, tomta har ikkje natur, friluft eller landbrukskvalitetar då denne har vore disponert til andre føremål over lang tid. Ein kan ikkje sjå at ein dispensasjon for bruksendring til bustad vil vere til ulempe for plan og bygningslova med føresegner då arealet lenge har vore nytta til andre føremål. Føremonene med å gje dispensasjon vil her vere større enn ulempene. Her er ikkje natur, friluftsliv eller landbrukskvalitetar å ivareta på tomta.

Ein har ved oppslag i naturbase og artsdatabanken ikkje funne at det er registrerte prioriterte artar, trua eller nær trua artar, utvalde naturtypar eller trua eller nær trua naturtype på norsk raudliste for artar og naturtypar som rører ved omsøkt område, jf. [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Rådmannen kjenner ikkje til at det finst artar eller naturtypar i det omsøkte området som ikkje er fanga opp av dei nemnde registreringane. Det er difor ikkje påvist mogelege effektar av tiltaket på naturmangfaldet. Sidan tiltaket berre i liten grad rører ved naturmangfaldet og det ikkje er påvist effektar av tiltaket på verdifull natur, legg rådmannen til grunn at dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12 ikkje treng vurderast nærmere.

Dato for saksutgreiing:03/10/2013

Trykte vedlegg: Søknad med kart